UTDANNINGS FORBUNDET
Vestland

Godt samarbeid gjev gode kurs og møte, og gjennom godt samarbeid får vi mest ut av midlane!

Kurs- og møtereglement

Å vere tillitsvald i ein organisasjon gjev både rettar og plikter. Rettane finn vi mellom anna i permisjonsreglane i Hovudavtalen.

Skulering vert i all hovudsak gjeven til dei tillitsvalde, og det er difor dei tillitsvalde si oppgåve å syte for at den kunnskapen og informasjonen dei får, kjem medlemmene dei representerer til gode.

Alle tillitsvalde pliktar å stille på dei kursa og møta Utdanningsforbundet Vestland kallar inn til. Den tillitsvalde må på førehand søke arbeidsgjevar om permisjon for å delta. Er den tillitsvalde forhindra frå å delta, vert vararepresentanten send.

Generelt:

- I hovudsak skal deltakarane melde seg på sjølv på nettsida. Viktig å halde påmeldingsfristen.
- Fråver frå deler av kurs/møte skal avklarast med kurs- eller møteleiinga.

Reise til/frå kurs og møte:

- Lokallagsleiar har oversikt over kven som er påmeldt og skal samordne skyss når privatbil vert nytta.
  Elles skal offentleg skyss nyttast når det er praktisk mogeleg.
- Dersom private avtalar/ærend gjer at ein ikkje kan samkøyre med andre eller nytte kollektiv transport, dekker fylkeslaget berre satsane for offentleg transport. Ta kontakt på førehand om de er i tvil.
- Ved avklart bruk av privatbil til kurs nyttar vi statens satsar. Ein reknar reise frå og til eigen arbeidsplass om ikkje reiseavstand frå heimen er kortare.
- Bruk av fly til kurs eller møte skal unntaksvis nyttast når heilt særskilde grunnar tilseier det og skal vere avklart med leiinga på førehand.
- Avreise før kl. 06.30 for å rekke registrering (halv time før kursstart) gjev rett til overnatting i forkant.

Ikkje møtt og forfall:

- Avbod må meldast så raskt som råd, og seinast ei veke før kursstart. Meldinga skal gjevast til fylkeskontoret via telefon eller e-post.
- Utgifter knytt til fråveret utan varsel og gyldig grunn, må lokallaga dekke etter refusjonskrav frå fylkeslaget.
- Akutt sjukdom og tilsvarande høve er gyldige grunnar for avbod. Melding om dette skal gjevast fylkeskontoret/kursleiar så snart som mogeleg.

Servering av drikke:

- Utdanningsforbundet Vestland følger sentralt gjevne retningsliner for alkoholpolitikk. Dette inneber at det til vanleg ikkje vert dekt utgifter til alkohol på våre kurs og samlingar.